

Fleire sponsorskilt skal opp

22.02.2012

Fredag klokka 17 planlegg styret i Aktivitetshuset å hengja opp nye reklameskilt og omorganisera nokre som allereie heng der.

Hvis sponsorane det gjeld har ferdigproduserte skilt som skal opp, er det ønskeleg om dei melder ifrå om dette eller leverar skilta i inngangspartiet før fredag klokka 17, seier Michael Røssland som er sponsoransvarleg

Frå dette året har desse sagt ja til å støtta huset:

Sjøtroll

Idrift

Solheim Turiststasjon

Husnes storsenter

Hjønnevåg

Ospelunden as

Uskedalen Eigedom

Kvinnherad auto

Dei som er sponsorar frå før er desse:

FMC

Husnes tannlegesenter

DNB

Sparebank 1

Dimmelsvik bil

Uskedalen trelasthandel

SPAr

Kvinnherad Bygg

Kvinnherad Elektro

Hvis fleire vil melda seg på tek Røssland i mot meldingar på 920 41094 Det var i fjor haust huset gjekk ut med oppmoding om at fleire burde gå inn som sponsorar.

Prisen er 5000 kroner i året og det vil bety at 20 verksemdar kan dekkja dei ordinære utgiftene slik at idrettslaget får meir å rutta med. Huset er no på god veg mot dette målet ettersom det no er 17 sponsorar.

Av Ola Matti Mathisen